



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

## Ekstrautgåve for hytteeigarar

Mars 2009 Årg. 16



### Rett frå dunken

#### Ein halv million til rydding

Styret i SIM har vedteke å bruka ein halv million kroner på ekstraordinær "sekke-rydding" i medlemskommunane i 2009. Midlane er meint å stimulera fastbuande og hyttefolk til å engasjera seg for ein reinare og ryddigare kommune.

Ryddedugnaden varer heile året. Enkelt fortalt går den ut på at du melder frå til SIM om område du meiner treng rydding, og som ikkje ser ut til å bli rydda av andre. Døme kan vera bilvrak, villfyllingar og strender. SIM skal på si side prøva å finna ut kven som "eig" boset, og hjelpa vedkomande med å bli kvitt det

#### Plastsortering

Kontakt SIM for å få tilsendt plastsekker til å sortera plastemballasje i. Sekkene kostar ikkje noko. Plastemballasjen kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralen.



Foto: Magne Langøker

# Velkommen til ny sesong på hytta

For oss i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er det like kjekt kvart år på denne tida å kunna ynskja velkommen til ny hyttesesong. Måtte det bli mange glade hyttedagar på deg og dine.

Skal opphaldet på hytta bli triveleg, må renovasjonsordninga fungera. Ei av våre oppgåver er å syta for at du og dei 20 000 andre hyttebrukarane i regionen vert kvitt avfallet dykkar på ein miljømessig god måte.

SIM sitt tilbod til hyttefolk er hyttekonteinrar, miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje. Hyttekonteinrarane finn du langs veg til/frå hytta. Miljøsentralar (gjenvinningsstasjonar) er det seks av; ein i kvar kommune, så nær som Stord, som har felles med Fitjar. Returpunkt for glas- og metallemballasje finst på sentrale stader i kommunen.

Sjekk [www.sim.as](http://www.sim.as) for den mest oppdaterte informasjonen om SIM si renovasjonsordning.



## Tømmer dobbelt så ofte om sommaren

SIM tømmer hyttekonteinarane dobbelt så ofte i sommarhalvåret som om vinteren. Talet på konteinarar er stabilt gjennom heile året. Alt i alt vert dette ei billigare ordning for kundane enn om ein skulle auka talet på konteinarar om sommaren, då bruken er størst.

## Ryddeaksjonar våren 2009

SIM arrangerer kvart år ryddeaksjon på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral. Også hyttekondar kan vera med. Det er gratis å levera avfall. SIM stiller mannskap og utstyr.

Ryddeaksjonane finn stad til desse tidene:

### Fjelberg/Borgundøy:

Laurdag 18. april kl. 10.00-14.30

### Varaldsøy:

Laurdag 9. mai kl. 10.00-13.00

### Snilstveitsøy (ny i 2009):

Laurdag 9. mai kl. 10.00-13.00

### Huglo:

Laurdag 25. april kl. 09.30-12.00

### Espevær:

Laurdag 25. april kl. 11.00-14.00

### Møkster/Littlakalsøy:

Laurdag 9. mai kl. 14.00-17.00

## Bruk [www.sim.as](http://www.sim.as)

Har du tilgang til Internett, kan det vera ein god idé å logga seg på [www.sim.as](http://www.sim.as). Der finn du den mest oppdaterte informasjonen om SIM si renovasjonsordning. Klikk først på "Privat" og velg deretter "Hytterrenovasjon" i venstremenyen.



# Oftare ope på miljøsentralen

*Skuleelevar er interesserte i miljøsentralen. Her er fjerdeklasse frå Meling skule på besøk i Svartasmoget. Kundehandsamar Olaf Skram*

## SIM har utvida opningstidene på miljøsentralane (gjenvinningsstasjonane) i 2009. Prisane for å levera avfall er likevel dei same som før.

- Stadig fleire kundar leverer stadig meir avfall. Besøksauken har vore over 10 % kvart år. Dette har me teke konsekvensen av og held oftare ope, fortel driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM.

Utvidinga består av laurdagsopne miljøsentralar éin laurdag i månaden i vinterhalvåret. I tillegg har Bømlo miljøsentral fått ein ekstra opningsdag gjennom heile året (måndag). På siste sida finn du nøyaktige opningstider for alle miljøsentralane. Sjå også [www.sim.as](http://www.sim.as), der det er kart som viser kvar miljøsentralane ligg.

Samtlege miljøsentralar er opne annankvar laurdag i sommarhalvåret, som før. Fell laurdagen derimot på ein

rørleg heilagdag, vil det som regel vera stengt.

På miljøsentralen kan du kvitta deg med avfall som du ikkje får plass til i hyttekonteinarane, eller som du ikkje har lov til å kasta der. Alt avfall som SIM får inn på miljøsentralen og som kan brukast om att, går til gjenvinning; anten som råstoff for nye produkt eller som energi.

Miljøstyresmaktene arbeider for å få ned mengda av farleg avfall som kjem ut i naturen, til skade for menneske, dyr og miljø. SIM har også dette som mål og ber hyttefolk hjelpa til.

Lever difor målingrestar, beis, reingjeringsmiddel og anna farleg avfall til miljøsentralen. Ikkje kast det i naturen eller hyttekonteinarane. Dette gjeld også kasserte elektriske- og elektroniske produkt (EE-avfall).

## Om renovasjons- og slamtømmegebyra

SIM har som målsetjing at alle hyttekondar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr. Der er me ikkje heilt enno.

Rett nok er prisane ut frå SIM like for alle kundar. Årsaka til at gebyra likevel varierer, er at kommunane legg på SIM sine prisar. Dette gjer dei for å dekkja sine egne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune (sjå blå søyle). Gebyret du betalar skal

uansett ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene med renovasjonsordninga di.

### Gebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering av avfall)
- Administrasjon og informasjon



informerer om farleg avfall. SIM har miljøsentralar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes.

### Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindaug (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

### Døme på EE-avfall

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrøyr, sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri og knappcellebatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar
- Blinkande joggesko

### Slik sorterer du på miljøsentralen

- Hageavfall
- Plastemballasje
- Papp og papir
- Trevirke
- Metall
- EE-avfall
- Kvitevarer
- Farleg avfall
- Trykkimpregnert materiale
- PCB-haldige vindaug
- Glas- og metallemballasje
- Dekk
- Restavfall

### Til sals på miljøsentralen

- Kompostjord og plenblanding
- Kompostbingar med strø

- Bossekker og bioposar
- Kjøkenspann til bioavfall
- Boksar for farleg avfall



SIM har framifrå kompostjord og plenblanding til sals.

## Her finn du hyttekonteinarane:

**OBS!** Hyttetun kjem i tillegg.

### Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Kryss avkøyning Selvågen/Nordeid
- Kolbeinsvik kryss v/lager vegstellet
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Gauksheim
- Fagerbakke vest
- Stolmabrua rasteplass
- Birkelandskryset
- Stolmen kyrkje
- Stolmen - båthamn Sørvik
- Vik-kryset (nordsida)
- Blænesvegen v/busstogg
- Hestevik-Byssesund v/snuplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

- Eidsvik v/gamleskulen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn
- Ranavik ferjekai
- Arnavik
- Borgundøy

### Stord

- Studalen v/Drageset Spar
- Fjellgardane
- Eide
- Vikanes
- Dáfjorden v/hyttfelt
- Føyne
- Huglo kai

### Sveio

- Valevåg
- Tittelnes (2 stk.)
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjerna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågnen v/kryss
- Eilerås v/steinbrotet på nordsida
- Birkeland
- Sveio sentrum v/butikkcenter
- Lid
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Buavåg
- Nordskog v/gravplass
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Vikse
- Ekrene

### Bømlo

- Langevåg Kåso
- Lykling
- Bæroy
- Finnås
- Moster v/banken
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsdaalen v/miljøsentralen
- Urangsvåg kai
- På veg til Sæverudsøy
- Bjødledalen v/busstogg
- Aga - kryss v/Rolfsnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

### Fitjar

- Dáfjorden - Lønevåg
- Kuarvågen v/båthamn Koløy
- Helland
- Kråko
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide


### Kvinnherad

- Vestervik v/tunnel
- Stussvik v/vegkryss
- Hammarhaug - hyttfelt
- Vikane - veg mot Håvik
- Ølve v/kryss til Skarvasete
- Gjermundshamn v/venterom
- Gjermundshamn v/butikk
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger
- Ænes campingplass
- Ænes 1 km sør for Fureberg tunnelen
- Løfallstrand ferjekai
- Rosendal v/bru
- Seimsfoss
- Dimmelsvik v/gamleposten
- Blådaalen v/vegkryss til Matre
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra v/kai
- Uskedal v/gamleskulen
- Herøysund v/butikk
- Husnes v/Statoil
- Sunde ferjekai
- Valen (parkeringsplassen ved kyrkja)
- Erslund v/gamleskulen
- Utåker/Holmedal kryss riksveg
- Sydnes ferjekai
- Toftevågen

### Tysnes

- Skorpo v/kryss
- Flakkavåg kai
- Espevik
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss Godøysund
- Gjersvikidet
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Reksteren - kryss til Amland
- Reksteren - Sunde kai
- Reksteren - kryss til Flygansvær
- Reksteren - Brattetveit v/møteplass
- Reksteren - Bruntveit v/kryss til kai
- Reksteren - v/skulen på Skår
- Reksteren - Hope v/kryss til Hopsund
- Reksteren - kryss til Kaldafooss
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai


### Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2009 (i kr, inkl. mva):



■ Kommunal egenkostnad ■ Gebyr til SIM

### Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2009 (i kr, inkl. mva):

\*) Gebyret i Sveio vert fakturert kvart fjerde år.



Sendar:

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar

## OFFENTLEG INFORMASJON



Det finst ulike typar returpunkt for glas- og metallemballasje. Merk at du kan kasta klårt og farga glas om ein annan i same konteinaren, uansett kva som står skrive på den

# Bruk våre returpunkt for glas- og metallemballasje

Kast ikkje glas- og metallemballasje i boset, men lever det til eit av våre returpunkt for slikt avfall, eller til miljøsentralen. Dermed vert avfallet brukt om att til nye produkt.

Returpunktta finn du på sentrale stader kringom i kommunane. Det er kostnadsfritt å levera.

Det er berre glas- og metallemballasje som det har vore mat eller drikke i som kan kastast i retur-

punktta. Døme er syltetøyglas, vinflasker og hermetikkboksar. Porselen, keramikk, lyspærer, vindaugsruter og målingspann skal ikkje i returpunktta. Slikt avfall kan du levera på miljøsentralen.

### Slamtømming for hytter

SIM skal i 2009 tømme slam for hytter i kommunane Sveio, Kvinnherad og Stord. Abonentar i dei aktuelle kommunane får tilsendt informasjonssjansblad i god tid før tømning. Det har tidlegare i år vore slamtømming i Austevoll kommune. Alle spørsmål om slamtømminga kan rettast til Johnny Birkeland Transport AS, som utfører jobben for SIM. Telefon 57 78 11 70 eller 970 10 092.

### Kjøp kompostjord og plenblanding på miljøsentralen

Som før om åra kan du kjøpa kompostjord og plenblanding på SIM sine miljøsentralar. Prisen er kr 150 for ein liten tilhengjar, og kr 300 per tonn for større mengder.

I Svartasmoget og på Husnes kan du få hjelp til å lasta jorda opp på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.

### Hugs å sikra lasta

Me kan ikkje få sagt det ofte nok: Hugs å sikra lasta før du køyrer tilhengjaren til miljøsentralen. Avfall som fell av tilhengjaren kan skapa trafikkfarlege situasjonar og ser heller ikkje fint ut langs vegen.

## Opningstider miljøsentralane 2009

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsaldalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt. Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.  
Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00. Påskeaftan stengt.

### Tysnes, Foredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as  
Nettstad: www.sim.as

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk  
IKS (SIM) er avfallsselskap for kommunane  
Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord,  
Sveio og Tysnes.

SIM